



Leif Inge Heimvik syng på julekonserten. Her frå Kvinnherad sogelag sitt årsmøte i vår.

Det er knapt 2 månader til julekonserten i Uskedal kyrkje, men programmet er i grove trekk klart. Ei historisk hending vert det at det nye kyrkjekoret for Kvinnherad debuterer på konserten. I tillegg vert programmet etter vanleg leist med faste aktørar og nokre gjester.

Gjestene dette året er Leif Inge Heimvik frå Utåker, og eit ungt strykeorkester og den dyktige læraren deira, Olena Pasichnyk. Leif Inge Heimvik er velkjend som frontfigur i bandet Amigos. Han er også ein svært dugande solosongar som har opptredd i mange samanhengar. På julekonserten vert han akkompagnert på piano.

I samband med julekonserten har kulturskulelærar Olena Pasichnyk sett saman eit strykeorkester der ein stor del av musikarane er uskedalingar som er strykarelevar i kulturskulen. Det er også elvar frå andre bygder. I tillegg vil publikum få høyre Olena framføra to fiolinstykke akkompagnert av Eva Megyesi på piano.

Eit anna nytt innslag vert det nye kyrkjekoret. Dei har hatt ein svært god start, nye sangarar har kome til og dirigent Eva Megyesi er storveis fornøgd. Juleprogrammet er allereie under innøving.

Resten av programmet består av kjente og kjære aktørar. Skulemusikken og musikklaget er på plass. Det same er Røysterett for Alle og trekkspelklubben. Allsong vert det og. Vår kjære kantor Eva Megyesi vert sentral i konserten som dirigent, akkompagnatør og forhåpentlegvis får ho tid til å spela eit orgelstykke.

Konserten er søndag 11.12. kl.19 og forhåpentlegvis vert det like mykje folk som i fjor. Det legg til rette for ei stemningsfull førjulsstund.



[Strykeorester fra kulturskolen kjem til julekonserten.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Einar Gjertsen og Thor Inge Døssland